


**JORDVERNSTRATEGI  
FOR KOMMUNANE  
RISØR OG GJERSTAD**



Vedtatt Risør kommunestyret 28. mai 2026, sak

Vedtatt Gjerstad kommunestyre 28. mai 2026, sak

## INNHALDSLISTE

1. Innleiing
2. Kva er jordvern og kvifor jordvern
3. Føringer
4. Litt om status for jord- og husdyrbruket
5. Utfordringane vår
6. Hovudmål
7. Strategi og tiltak

### Vedlegg:

- Vedlegg 1. Nasjonale, regionale og kommunale føringer
- Vedlegg 2. Prosess
- Vedlegg 3 Kunnskapsgrunnlaget
  - o Forklaring til ord og uttrykk
  - o Føringer for jordvernet
  - o Kvifor jordvern
  - o Fakta om jord- og husdyrbruket i Gjerstad
  - o Fakta om jord- og husdyrbruket i Risør

## 1. INNLEIING

### Bakgrunn

Kommunane Gjerstad og Risør har vore, eller er, i ein prosess med ny arealdel av kommuneplanen. Jordvern er eit viktig tema som har hatt auka fokus dei siste åra, og planvask (tilbakeføring av areal avsett til utbyggingsføremål i eksisterande kommuneplanen til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-føremål) i ny kommuneplan), har vore sentralt i planprosessen.

Samstundes som arbeidet med arealdelen av kommuneplanen føregjekk, vart den kommunale landbruksforvaltninga gjort merksam på at det var fleire foretak som innan kort tid, truleg ville leggja ned. Det er ikkje mange aktive landbruksforetak att i kommunane, og ytterlegare reduksjon vil føra til at jordbruksareal står i fare for å gå ut av produksjon/drift.

Kommunane Gjerstad og Risør, har i svært mange år hatt felles landbruksforvaltning, og jordbruksareal vert drifta på tvers av kommunegrensa. Derfor fall det naturleg å utarbeida ein felles jordvernstrategi.

Med dette som bakgrunn søkte ein i august 2024 Landbruksdepartementet om støtte til å utarbeida lokal jordvernstrategi, og fekk innvilga kr 200 000 til arbeidet. Vilkåret for å få tilskot var at kommunestyra gjorde vedtak om å utarbeida strategien.

### Kunnskapsgrunnlag

Det er utarbeida eit kunnskapsgrunnlag for kvar kommune basert på opplysningar frå NIBIO sitt arealbarometer, som mellom anna hentar opplysningar frå søknad om produksjonstilskot når det gjeld kor mange foretak som søker, type produksjon og kor mange eigedomar som er i drift – eigd og leigd.

## 2. KVA ER JORDVERN OG KVIFOR JORDVERN


Tradisjonelt er nok jorda og jordbruksareal sett på som bonden sitt ansvar. Det er bonden som brukar jorda, og derfor er det hans ansvar. Så såg ein at mykje jord vart omdisponert til andre føremål enn jordbruksproduksjon, sjølv om jorda var verna i jordlova sine bestemmingar om forbod mot omdisponering av dyrka og dyrkbar mark, samt frådelling av areal.

Jorda er grunnlaget for all matproduksjon. Jorda er danna over så lang tid at den vert rekna som ein ikkje-fornybar ressurs.

Etter klassifiseringssystemet AR5 er jordbruksarealet delt inn i 3 kategoriar: fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite. Kategoriane seier noko om produksjonspotensialet til arealet.

I tillegg til klassifisering av jorda, vil òg produksjonspotensialet vera avhengig av kva klimasone arealet ligg. Norge er delt inn i 8 ulike klimasoner, eller herdighetssoner, basert på hovudtrekk for dyrkingstilhøva for dei ulike plantevekstane. Varme og lune stader på kysten av Sørlandet og på Sør-Vestlandet ligg i sone H1, medan H8 er dei kaldaste områda der vekstsesonen er svært kort. Enkelt sagt kan ei plante med talet H8 plantast i alle dei 8 klimasonene, medan ei plante med talet H1 berre kan plantast i klimasone 1.

Gjerstad ligg i klimasone H3 (oransje) og i klimasone H4 (gul). Risør ligg i klimasone H2 (raud) og klimasone H3 (oransje).




For å få det nøyaktige produksjon-potensialet, må jorda i tillegg jordsmonnkartleggast. Det har ikkje vore gjennomført jordsmonnkartlegging i Gjerstad og Risør, og derfor veit ein ikkje godt nok kva for jorder som eignar seg til dei ulike potensielle produksjonane (frukt, grønt, korn, gras).

I utgangspunktet vil fulldyrka areal som ligg i klimasone H1 – H4, Austlandet og Trøndeleg, kunne nyttast til matkorn (forutsett at jordet er stort nok til at kornet kan treskast).

Norge har berre 3 % jordbruksareal. Dette har lege stabilt i mange år, men om ein ser bak dette talet er det generelt slik at jordbruksareal som er gått ut av drift høyrer til den beste jorda (fulldyrka matkornjord), medan den jorda som er kome inn høyrer til den dårlegaste jorda (innmarksbeite). Det betyr at me i dag har mindre areal som eignar seg til kornproduksjon, enn det meir har hatt.

Det er verdt å merka seg at Norge har svært lite jordbruksareal samanlikna med andre land.

#### Jordbruksareal i prosent av landareal



Kilde: Verdensbanken

Det har dei siste åra vore auka fokus på jordvern med tanke på sjølvbergingsgrad. Graden fortel kor stor del av matforbruket i landet som er norskprodusert. Då fleire husdyrproduksjonar, fjørfe og gris, treng importert kraftfôr, vert sjølvbergingsgraden redusert dersom ein tek omsyn til førimporten.

I fylgje Christian Anton Smedshaug, Agri Analyse AS, har me ein sjølvbergingsgrad på 39 % om ein korrigerer for førimporten. Sjå meir om sjølvforsyningsgrad på denne nettsida [Norsk landbruk - tall og fakta - Landbruksdirektoratet](#).

Nasjonalt snakkar ein no om «50 – 70 – 90 – modellen», der ambisjonane for framtida er:

- 50 % sjølvbergingsgrad innan 2030
- 70 % norskproduserte råvarer i kraftfôr innan 2034
- 90 % norsk andel i mjølproduksjonen innan 2030

Dette er svært ambisiøst. Skal ein nå desse måla, er konklusjonen at alt jordbruksareal i landet må nyttast. I tillegg lever me i ei svært uroleg tid, med store politiske konflikter og med store natur- og klimautfordringar i deler av verden, der det tradisjonelt har vore matproduksjon (tørke og flom).

Meir om at 90 % av matkornet skal vera norsk produsert kan ein lesa om på Regjeringa sine nettsider - [Mer norsk mathvete - regjeringen.no](#).

For orden skuld, vil ein peika på at jorda er meir enn produksjonsgrunnlag for mat. Det er òg knytta til, og viktig for å:

- oppretthalda naturmangfald
- oppretthalda kulturlandskapet
- dempa flom
- binda karbon
- verdiskaping og arbeidsplassar
- gode lokalsamfunn

Sjå meir om dette i vedlegg om kunnskapsgrunnlaget.

### **3. FØRINGAR**

FN sine bærekraftsmål ligg til grunn for all offentleg forvaltning. Mål nr 2 og 15 er sentrale for å ta vare på grunnlaget for matproduksjon – altså både jordbruksareal, økosystem og produktivitet.

Mål nr 2 handlar om å utrydda svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremja berekraftig landbruk.

Mål nr 15 handlar om å beskytta, retta opp og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa imot ørkenspreiing, stansa og reversera forringing av land, samt tap av artsmangfald.

#### 4. LITT OM STATUS FOR JORD- OG HUSDYRBRUKET

På Sørlandssamling 9. januar 2026 presenterte landbruksdirektør Reidar Tveiten, tall som syner at mjølkeprodusentane på Agder ligg på eit stabilt nivå etter mange år med reduksjon i mjølkebønder.

Det er dessverre slik at i våre kommunar er det mest truleg at me får færre mjølkeprodusentar dei nærmaste åra. Det skuldast både generasjonsskifte der neste generasjon ikkje vil vera mjølkeprodusent, kanskje både ut frå store kostnader med nytt fjøs og lita fritid (mangel på avløysar/røktar).

Kvoteordning for mjølk starta i 1983, då dei som dreiv med mjølk fekk tildelt kvote basert på historisk levering i åra før. I 1997 vart sal av mjølkekvote til staten innført for å få ned produksjonen. Seinare har det vore sal både til staten og til private. Mjølkebønder har òg kunna kjøpa kvote.

Då sal og kjøp av mjølkekvota vart innført var det mange tidlegare mjølkebønder som starta med ammeku- og kjøttproduksjon. Ein såg at dyretalet for mordyr, hodyr som har fått avkom, samla sett var ganske stabilt. Det som skjer i våre to kommunar no, er at fleire sluttar, eller kjem til å slutta, òg med kjøttproduksjon.

Det totale dyretalet går dermed ned, og kapasiteten til å ta hand om arealet vert redusert.

#### 5. UTFORDRINGANE VÅRE

##### Driveplikt – halda jordbruksarealet i hevd – ope kulturlandskap

I kunnskapsgrunnlaget, jmf. vedlegg, går det fram at av det totale jordbruksarealet på om lag 5 000 daa, er om lag 1000 daa ute av drift i Gjerstad. Av Risør sitt totale jordbruksareal på om lag 4 000 daa, er om lag 2 000 daa ute av drift.

Ytterlegare reduksjon i produsentar vil føra til store utfordringar med å halda jorda i bruk. Utfordringa blir då å hindra at jord gror til med busk og kratt (som faktisk ikkje er god klimapolitikk, fordi busk og kratt ikkje tek opp særleg med karbon. Det er det trær i vekst som gjer. Ei anna utfordring er at når jordbruksarealet ikkje er i bruk, kan det fort bli tatt i bruk til andre føremål som ikkje er matproduksjon.

Redusert dyretal inneber færre dyr til å ta hand om innmarksbeite, og det er mindre behov for vinterfôr, som igjen krev mindre areal.

Det er den som eig jordbruksarealet som har driveplikt etter jordlova. Kva når den siste bonden i grenda, som har tatt hand om driveplikta, legg ned – kven skal driva jorda då? Kva skal denne plikta innebera for eigaren? Kva pålegg skal eigaren få?

##### Lite miljø

Å vera bonde er som regel å arbeida åleine. På dei fleste gardane er det ofte berre ein som er ansvarleg for kvardagen, og som dermed går åleine i arbeidet. Det er eit einsamt yrke og derfor er det viktig å ha andre bønder i nærleiken for både fagleg diskusjonar og for opplevinga av å vera «i same båt», med ugunstige arbeidstider og lite fritid. Kan kommunen gjera noko for å bidra?

## Kunnskap om jord og jordbruksproduksjon

Det er ei stor utfordring at store delar av innbyggjarane ikkje lenger har relasjon til landbruket. Den kunnskapen som dei som dreiv hadde, let seg ikkje overføre til neste generasjon når det ikkje er drift på garden. Manglande kunnskap fører ofte til konflikt fordi eigaren ikkje lenger veit kva som skal til for å få ei god drift av jorda, som til dømes drenering, gjødsling, hausting. Ein bonde kan ikkje vera gartner for alle dei som ikkje driv. Det er dei som ikkje driv som må leggja til rette for den som faktisk driv jorda deira, og som dermed opprettheld verdien av andre sin eigedom.

Korleis skal ein få ut kunnskap om jord- og husdyrproduksjon, slik at den som eig og den som driv dreg i same retning?

### 6. HOVUDMÅL

Dyrka og dyrkbar mark skal ikkje byggjast ned (nullvisjon). Meir av den dyrka jorda som ikkje er i bruk, skal takast i bruk, slik at grunnlaget for matproduksjon vert oppretthalde og ikkje gror igjen.

#### 6.1 Unntak ved svært viktige samfunnsmessige/samfunnskritiske omsyn

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord kan berre skje dersom alternative plasseringar er grundig vurdert og dokumentert.

### 7. STRATEGI OG TILTAK

STRATEGI		TILTAK		TRONG FOR EKSTERN HJELP	PLANLAGT GJENNOMFØRING
1.	Få oversikt over eksisterande dyrka jordbruksareal og dyrkbart arealet	1.1.	Kartleggja kvar det dyrka jordbruksarealet er	x	2026/2027
		1.2.	Kartleggja dyrka jordbruksareal som ikkje er i bruk, og kvifor det ikkje er i bruk	x	2026/2027
		1.3.	Kartleggja areal som er dyrkbart, og om det faktisk let seg gjera	x	2026/2027
		1.4.	Enkel jordsmonnkartlegging (forklaring i vedlegg)	x	2026/2027
		1.5.	Basert på kartlegging og utvalde kriterier, finna dei viktigaste jordbruksområda, med sikte på å egne omsynssoner i kommuneplanen		2028/2029
2.	Auka kunnskap om jord og jordvern hos	2.1.	Laga informasjonsprosjekt i samarbeid med Agder	x	2027 →

	grunneigarane, innbyggjarane og kommunal forvaltning		Bondelag, Jordvern Agder og Statsforvaltaren i Agder		
3.	Fylgja opp driveplikta, jmf. jordlova	3.1.	Utarbeida rutine for informasjon til nye eigarar ved eigarskifte, jmf. 2.1.		2026/2027
		3.2.	Utarbeida informasjon til grunneigarane som ikkje driv eige jordbruksareal med fokus på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- verdien av at andre driv egedomen</li> <li>- å leggja til rette for den som kjem og syter for driveplikta</li> <li>- dialog(hjelp) mellom bonde og eigar med sikte på å auka kunnskap om jord og jordvern, jmf 2.1.</li> </ul>	x	2027
		3.3.	Utarbeida retningslinjer og vurderer vilkår for i kva høve ein skal lempa på vilkår om driveplikt. Eventuelt på kva vilkår kan, eller vil, ein lempa	x	2026
		3.4.	Kartleggja køyreavstand mellom jordbruksareal og driftssenter, for å kunna vurderer om ei omfordeling av jordbruksarealet vil vera føremålstenleg		2028
4.	God dialog med aktive bønder	4.1.	Gjennomføra bondekafé og fagmøter, eventuelt i lag med andre landbruksaktørar, både lokalt og i samarbeid med nabokommunane	x	2026 →

## VEDLEGG NR 1 - NASJONALE, REGIONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR

### Nasjonale føringar

#### Jordlov

Jordlova gjeld i heile landet og har som føremål å leggja tilhøva til rette for at ein nyttar arealressursane til det beste for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Som utgangspunkt er det ikkje lov å disponera dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite) og dyrkbar mark (området som kan ryddast til jordbruksareal – nydyrking) til andre føremål en å produsera mat.

Det er heller ikkje lov å dela landbrukseigedomar opp på ein slik måte at produktivt areal vert ueigna for drift/produksjon.

#### Plan- og bygningslov

Plan- og bygningslova gjeld heile landet og har som føremål å fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Lova er sentral i korleis me disponerer arealet vårt. Den legg føringar for arbeidet med både kommuneplan og reguleringsplan der sikring av jordressursane og viktige kvalitetar i kulturlandskapet skal takast omsyn til.

#### Nasjonale forventningar

Regjeringa skriv i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027» at samfunnet er avhengig av at planlegging sikrar areal for matproduksjon. Målet er å auka sjølvforsyningsgraden av mat, då må ein produsera så mykje som mogeleg på eige areal i heile landet. Landbruk og busetting i heile landet er viktig – også sett frå ei forsvarside.

Norge har mindre areal kornareal i gjennomsnitt enn Europa. Derfor er vern av dyrka jord av nasjonal interesse.

#### Nasjonal jordvernstrategi - Jordvernmålet

Som nemnt har vern av jordbruksareal lengje vore lovregulert, men frå 2004 har fokuset vore aukande. Den gong såg ein at svært mykje jordbruksareal vart omdisponert til andre føremål, noko som ikkje kunne halda fram sidan me har så lite. Det vart sette eit mål om å redusera omdisponeringa til 6 000 daa innan 2010. Det siste målet er frå 2023 og målet no er maksimalt 2 000 daa innan 2030.

Landbruks- og matminister og kommunal- og distriktsministeren presiserer i brev frå 2022 og 2024 at matjorda skal takast vare på fordi evna til å produsera eigen mat er svært viktig.

Totalberedskapsmeldinga som vart lagt fram i januar 2025 peikar òg på kor viktig det er at me kan produsera så mykje som mogeleg av en mat.

Det positive er at me går i rett retning mot å nå målet, i 2024 vart 2 499 daa jordbruksareal omdisponert til andre føremål. I Agder ble 140 daa jordbruksareal omdisponert i 2024, det meste til vegutbyggingsprosjekt – E39.

## **Regionale føringar**

Landbruksstrategi for Agder 2025 – 2027 vart vedtatt av fylkestinget i desember 2025. Strategien byggjer på nasjonale føringar og regionale planar som er relevante for landbruket. Strategien har fleire strategiar som er knytta til jordvern både når det gjeld minimera nedbygging av jord, men òg at jordbruksareal ikkje gror igjen, samt at maskinjorda ikkje vert nytta til beite. Det er òg ein strategi knytta til å støtta initiativ som går på å bytta om på leigejord for å redusera køyreavstand (mindre dekk og diesel).

## **Lokale føringar**

### Kommuneplan

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vern av jordbruksareal stått sentralt. Kommunane har felles landbruksforvaltning som har vore med i begge planprosessane. Planvask er gjennomført, jord- og skogbruksareal er tilbakeført til LNF-områder. Ein erfarte at det var svært viktig arbeid då det har, til dels i fleire ti-år, lege inne mykje større områder avsett til byggeområder enn det som var naudsynt.

Vidare er det i føresegnene til arealdelen av kommuneplanen sett bygge- og delegrense til jordbruksareal for å redusera konflikten mellom aktiv jordbruksdrift og andre føremål. Landbruket må òg ta sinn ansvar når det gjeld jordvern, det er derfor sett regel om at det primært ikkje er lov til å plassera landbruksbygg på jordbruksareal dersom det er alternativ tomt. Det går fram av arealkartet fleire viktige jordbruksområde, «hensynsone landbruk», der jordbruket skal ha eit særleg fortrinn.

### Klima og miljøplan

Risør kommunestyre vedtok 29. februar 2024 Miljøplan 2024 – 2030. Planen har eige målsetting for mat, jord-, skog-, og havbruk med delmål og tiltak. Relevant for jordvernstrategien er delmål om å unngå nedbygging av dyrka mark som skal ha spesielt vern i arealplanlegginga. Jordvern har vore sentral tema i alle konsekvensutredningane som er gjort i arbeide med ny arealdel av kommuneplanen.

### Kulturminneplan – omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen

Omsynssone kulturmiljø vil for mange områder vera knytta til gamle gardar, til deira tun og omgjevnader. Derfor vil det for enkelte områder vera aktuelt med både omsynssone landbruk og omsynssone kulturmiljø.

Risør kommune vedtok januar 2018 strategisk plan for kulturminne. I samband med dette arbeidet vart det utarbeida ein rapport over aktuelle kulturmiljø. Det er totalt 57 kulturmiljø som fekk eiga omsynssone i plankartet til kommuneplanen der det er egne rettleiande føresegner. I

samband med rullering av arealdelen av kommuneplanen som no er i innspurten er det ikkje føreslått endring av desse sonene.

Gjerstad kommune har vedtatt oppstart av rullering av kulturminneplanen der kulturmiljø er tema. Tanken er, saman med grunneigarane og fylkeskommunen, å konkretisera aktuelle områder som seinare kan setjast av som omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen.

## **VEDLEGG 2 – PROSESS**

Etter tildelinga av midlane frå Landbruksdirektorat, vedtok kommunestyra i Risør og Gjerstad å utarbeida ein felles jordvernstrategi. Formannskapet i Gjerstad og Miljø og teknisk utval i Risør er styringsgruppe for strategien.

Den administrative arbeidsgruppa var sett saman av einingsleiar Samfunn i Gjerstad, leiar for Plan og byggesak i Risør, samfunnsplanleggar i Risør, skogbrukssjef og jordbrukssjef for dei to kommunane.

Etter at kunnskapsgrunnlaget var ferdig, vart dette lagt fram for kommunestyret i Gjerstad, som tema for kommunestyreverkstad. Det var drøftingar om spørsmål knytta til hovudutfordringane skildra i strategien.

Miljø og teknisk utval i Risør hadde òg strategien som tema for diskusjon.

Vidare var strategien drøfta på Bondecafé, med aktive bønder, for å få klarlagt deira utfordringar. Dette var gjort både då søknaden vart sendt direktoratet om støtte, og etter politikarane sine drøftingsrundar, men før dei endelege kommunestyrevedtaka.

Innspela som kom, er tekne med, så langt mogeleg, i oversikten over strategi og tiltak. Tiltak som er av privatrettsleg karakter er ikkje tekne med. Strategien fokuserer på det handlingsrommet kommunen har.

Strategien fylgjer ikkje ordinær planprosess med offentleg høyringsrunde. Ein har likevel sendt strategien til Statsforvaltar, Bondelag, Bonde- og Småbrukarlag, og til Jordvern Agder, for å få deira vurdering av strategien før kommunane gjer endeleg vedtak.

## VEDLEGG 3 - KUNNSKAPSGRUNNLAG


### INNHALDSLISTE

1. Forklaring til ord og uttrykk
  - 1.1. Jordsmonn og jordsmonnkartlegging
  - 1.2. AR5
  - 1.3. Gårdskart
  - 1.4. Dyrka jord
  - 1.5. Dyrkbar jord
  - 1.6. Matjord
  - 1.7. Drenering – grøfting
  
2. Innleiing
  
3. Føringer for jordvernet
  - 3.1. Internasjonale føringer
  - 3.2. Nasjonalt jordvernmål
  - 3.3. Jordvernbrev
  - 3.4. Regionale føringer
  - 3.5. Jordlov – plan og bygningslov
  - 3.6. Kommuneplan – arealdel og bestemmingar
  
4. Kvifor jordvern
  - 4.1. Dyrka eigen mat – mattryggleik
  - 4.2. Oppretthalda naturmangfold
  - 4.3. Dempa flom
  - 4.4. Binda karbon
  - 4.5. skapa verdiar, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn
  
5. Fakta om jord- og husdyrbruket i Gjerstad
  - 5.1. Lokale mål og føringer
  - 5.2. Areal og produksjon i Gjerstad
  - 5.3. Oversikt over aktive landbruksforetak i kommunen
  - 5.4. Jordleige
  - 5.5. Verdiskaping
  
6. Fakta om jord- og husdyrbruket i Risør
  - 6.1. Lokale mål og føringer
  - 6.2. Areal og produksjon i Risør
  - 6.3. Oversikt over aktive landbruksforetak i kommunen
  - 6.4. Jordleige
  - 6.5. Verdiskaping

## 1. FORKLARING TIL ORD OG UTTRYKK

### 1.1. Jordsmonn og jordsmonnkartlegging

Jordsmonnet er samansett av mineralpartiklar, organisk materiale, luft og vatn, og er utvikla gjennom samspel mellom klima, topografi, berggrunn, kvartærgeologiske lausmasser, planter, organismer og menneskelege aktivitet over lang tid. Alle desse faktorane vil variera frå stad til stad, og dermed påverka jorda sin eigenskapar, som avgjer kvar til dømes kornproduksjon eignar seg.



Figuren er henta frå NIBIO si nettside

NIBO (Norsk institutt for bioøkonomi) utfører kartlegging av jordsmonn for å stadfesta kva jord som eignar seg til kva produksjon. Risør og Gjerstad har ikkje slik kartlegging, og derfor kan ein ikkje no sortera kvar den gode korn- og grønsaksjorda ligg.

### 1.2. AR 5

AR5 er eit flatedekkande kartdatasett tilpassa målestokk 1:1000 og oppover: Datasettet viser arealressursane, med vekt på produksjonsgrunnlaget for jord og skogbruk, der landarealet er delt inn i:

- arealtype (jord eller skog)
- skogbonitet (produksjonsevne høg, middels eller låg)
- treslag
- grunntilhøve (jorddekt, fjell i dagen, fast dekke)

### 1.3. Gårdskart

NIBIO har, i samarbeid med kommunen, ansvar for oppdatering av AR 5. Dette vert gjort både periodisk (etter nye flyfoto) og kontinuerleg (der kommunen vert kjent med endingar).

Gårdskart er tilgjengeleg for alle på NIBIO si heimeside. Utgangspunktet for søk er kommune, gårds- og bruksnummer.

### 1.4. Dyrka jord

Dyrka jord er jordbruksareal som har ein slik tilstand at det kan nyttas til produksjon av mat, anten korn-, grønt-, frukt- og bærproduksjon, eller som dyrefør (gras).

Dyrka jord – jordbruksareal - vert klassifisert etter AR5 som anten fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite.

Det er tilstanden til arealet, ikkje bruken, som er grunnlaget for klassifiseringa. Eit fulldyrka areal som er i bruk til beite er framleis fulldyrka. Fulldyrka areal vil, sjølv om det for tida er ute av drift, framleis bli klassifisert som fulldyrka heilt til det må gjerast tiltak for å kunne ta det i bruk att (til dømes rydding og drenering/grøfting).

*Fulldyrka jord er jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløyedjupn (20 – 25 cm), og som kan nyttast til åkervekster eller eng, og som kan fornyast ved pløying. Arealet er ofte grøfta.*


*Overflatedyrka jord er jordbruksareal som for det meste er rydda og jamn i overflata, slik at maskinell hausting er mogeleg.*

*Innmarksbeite er jordbruksareal som berre kan nyttast til beite og ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 % av arealet skal vera dekkja med godkjende grasartar og beitetolande urter.*

Dersom ein ser på gårdskart vert desse fargane nytta for å skildra dei ulike kategoriane:

Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygd, samf., vann, bre
----------------	---------------------	---------------	----------------	----------------	--------------------------

På gardskartet vil det for ein eigedom på Vestøl visast slik:




### 1.5. Dyrkbar jord

Dyrkbar jord er areal som ikkje er fulldyrka, men som ut frå eit agronomiske perspektiv kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held kravet til klima (klimasoner) og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord har same lovmessige vern som dyrka jord.

Kartlegging både av dyrka og dyrkbar jord vart gjort i samband med feltkartlegginga til Økonomisk Kartverk (ØK) i tida 1960 – 1990 der både storleik og avstand til eksisterande fulldyrka areal eller veg vart teke omsyn til. Helling var òg eit kriteriet.


NIBIO utarbeidar jamleg datasett for begge jordslaga. Endring av arealet vert ikkje tatt inn før det faktisk er ei endring – altså at arealet er gått over frå til dømes frå overflatedyrka jord til fulldyrka jord, eller frå jordbruksareal til bebyggt areal.

På gårdskartet vil det arealet som er dyrkbart vera skravert med rødt og sjå slik ut:



Det store arealet som er skravert, som går både over skogbruksareal (grønt) og myr (grått). Det er no kome føringar om at myr som utgangspunkt ikkje skal dyrkast, grunna klimaomsyn.

I kartet går dette, myr, fram som dyrkbar jord med særreglar (dobbel skravering), og vil sjå slik ut i kartet:



## 1.6. Matjord

Matjord er ofte brukt som ei felles nemning for det øvste sjiktet av jordbruksarealet. Dette jordlaget har svært høgt moldinnhald og er blitt til gjennom jordarbeiding, gjødsling og kalking, der meitemark og andre jordorganismar har fortært rotne planterestar til humus og næringsstoff som plantene kan nytta.

## 1.7. Drenering - grøfting

Klimaendringane kjem med auka nedbør, og meir nedbør på kort tid, noko som stiller store krav til god drenering.

Drenering kan løysast på fleire ulike måtar, men det mest vanlege i vårt område er:

- systematisk drenering der det er ein bestemt avstand mellom grøftene på eit bestemt areal.
- Usystematisk der det vert lagt ned røyr for å ta mindre våte område på eit areal
- Landgrøft eller avskjeringsgrøft mellom jordet og områda rundt

## 2. Innleiing

Landbruk er næring, og landbruksproduksjon - produksjon av landbruksvarer - er ei arealkrevjande næring som treng gode og føreseielege rammer, anten næringa er knytt til skogbruket eller jordbruket.

All matproduksjon er avhengig av jordbruksareal. Matproduksjonen er avhengig av jordbruksareal anten det er korn-, grøn-, frukt/bær-, kjøt- eller mjølkeproduksjon.

Matjorda er danna over tusenvis av år og er svært næringsrik. Jordbruksareal/matjord er ein ikkje-fornybar ressurs.

### 3.0. Føringar for jordvernet

#### 3.1. Internasjonale føringar

I 2017 vedtok FN 17 mål for berekraftig utvikling, som - i samsvar med kommuneplanen (for begge kommunane - skal liggja som grunnlag for heile det kommunale arbeidsfeltet, med eit felles mål om å utrydda svolt, nedkjempa fattigdom og stoppa klimaendringane innan 2030. Mål nr 2 og 15 er sentrale for landbruket.



Mål nr 2 er å utrydda svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og å fremja berekraftig landbruk.




Mål 15 er å verna, føra attende og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, motverka ørkenspreiing, stoppa og reversera landforringing, og stoppa tap av artsmangfald.

### 3.2. Nasjonalt jordvernmål

Frå slutten av 90-tallet fekk jordvernet auka merksemd, og i 2004 kom det fyrste konkrete nasjonale jordvernmålet om å redusera omdisponering av jordbruksareal.

Nasjonalt jordvernmål	Vedtak i Stortinget
Frå 15 000 daa til 6 000 daa	2004
Inntil 4 000 daa årleg omdisponering	2015
Inntil 3 000 daa årleg omdisponering innan 2025	2021
Inntil 2 000 daa årleg omdisponering innan 2030	2023

Figuren under er henta frå Landbruksdirektoratet sin rapport nr 38/2024 om «Kostra landbruk, Ei vurdering av rapporteringa for 2023». Figuren syner omdisponering av eksisterande jordbruksareal (dyrka jord) og areal som kan dyrkast (dyrkbare jord), sett i høve til jordvernmålet.



Figur 3: Omdisponert areal (dekar) fordelt på dyrka og dyrkbar jord, sum jordlova og plan- og bygningslova 2004 – 2023. Areal til skogplanting og areal regulert til landbruk er trekt frå. Rød linje viser jordvernmål frå det første målet blei fastsett i 2004 til innstramming i 2015, 2021 og 2023.

Ut av figuren over kan ein sjå at fokuset på vern av dyrka og dyrkbar jord har lønt seg, og at ein er i ferd med å nå det nasjonale jordvernmålet på 2 000 daa.

### 3.3. Jordvernbrev

Landbruks- og matministeren og kommunal- og moderniseringsministeren sendte januar 2021 brev til alle kommunane i landet, der det vert understreka kor viktig jordvern er, og at ein skal ivareta dette i samband med all arealplanlegging. I mars 2022 kom det nytt brev med overskrifta «Ta vare på matjorda», og seinast i januar 2024 fekk alle kommunale politikarar brev der dei vart gjort merksame på ansvaret om å nå målet om at mindre matjord skal byggjast ned.

I stortingsmeldinga *Meld.St. (2016-2017) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*, vart det sett eit mål om å auka norsk matproduksjon.

Totalberedskapsmeldinga inneheld over 100 ulike tiltak for å gjera Norge budd på krise og krig. Eit av tiltaka i meldinga er å ha 50 prosent sjølvforsyning innan 2030, og å trappa opp beredskaps-lagring av matkorn for 3 månader innan 2029.

### **3.4. Regionale føringar**

*VINN Agder 2015 – 2030, Regional plan for innovasjon og bærekraftig verdiskaping Agder.* Føremålet med planen er å leggja til rette for auka samarbeid og kompetansedeling for å bidra til auka konkurransevne og berekraftig verdiskaping gjennom innovasjon i privat og offentleg sektor i heile Agder.

For jordbruket er hovudmålet å auka konkurransekrafta og verdiskapinga i heile verdikjeda, levera meir, trygg og sunn mat til ein auka marknad, samstundes som fossile innsatsfaktorar vert fasa ut. Auka produksjonsnivå og å minimera tapet av jordressursane er viktige delmål.

*Landbruksstrategi for Agder 2022 – 2024.* Agder fylkesting vedtok strategien i 2022, planen er under revidering. Planen skal nyttast for å prioriera tiltak innan landbruk og naturbaserte næringar. Planen er utarbeida av det regionale partnerskapet landbruk (Statsforvalter, Innovasjon Norge Agder, Agder Bondelag, Aust- og Vesta-Agder Bonde- og småbrukarlag og Agder Fylkeskommune).

Målet er å:

- auka produksjonane innan grønt-, frukt- og bærproduksjonen
- sikra berekraftig husdyrproduksjon i samsvar med etterspørsel og tilgang på areal
- sikra mjølkeproduksjon i heile Agder.

### **3.5. Jordlova og plan og bygningslova**

Jordlova gjeld for heile landet. Bestemmingane om deling og omdisponering av jordbruksareal gjeld ikkje dersom reguleringsplan eller kommuneplan viser andre arealformål.

I jordlova § 8 heiter det at alle som eig eigedom med jordbruksareal, plikter å driva jordbruksarealet i heile sin eigarperiode. Det er ikkje krav om at eigaren driv jorda sjølv, den kan drivast av andre. Dersom andre skal driva jorda er det eigaren si plikt å få i stand ein avtale (jordleigeavtale) som gjeld for minst 10 år. Eigaren sjølv kan ikkje sei opp avtalen i denne tida med mindre den som driv jorda ikkje overheld forpliktinga om drift (misleghald av avtalen).


Dersom eigaren på eige initiativ ikkje sørger for jordleigeavtale kan kommunen gje pålegg om det, eventuelt kan kommunen gje pålegg om andre tiltak ut frå omsynet til kulturlandskapet.

Det er òg mogeleg for eigaren å søkja om fritak frå driveplikta, jf. jordlova § 8a. I vurderingane leggja vekt på kor viktig det er å oppretthalda jordbruksarealet, på bruksstorleiken, avkastningsevna på arealet, og på om det i det området arealet ligg er bruk for arealet som tilleggsareal. Søkjaren sin livssituasjon kan leggjast vekt på.

Jordlova § 9 inneheld eit forbod mot omdisponering både av dyrka jord og dyrkbar jord til andre arealføremål. Ein kan i særleg høve gje dispensasjon når viktige samfunnsinteresser taler for at jordbruksinteressene må vika.

Plan- og bygningslova gjeld òg for heile landet, og er det lovverket ein må forhalda seg til når ein utarbeidar reguleringsplanar og kommuneplanar.

I den nemnte Kostra-rapporten finn ein òg figuren nedanfor:



Figur 5: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord fordelt på plan- og bygningslova og jordlova, samt vassdrags- og energilovgivinga (2005-2023, dekar). For 2022 er tal frå vassdrags- og energilovgivinga ikkje rapportert. \*Tala for 2005 er usikre då det var mange kommunar som ikkje rapporterte det året.

Denne figuren syner at det er i saker knytta til plan- og bygningslova det skjer mest omdisponering – altså i plansaker. Når eit område i plan er sett av til andre føremål enn landbruk (LNF), er som hovudregel ikkje lenger jordlova gjeldande, og forbodet om omdisponering vert ikkje vurdert.

Auka fokus på jordvernet har ført til Statsforvaltaren oftare kjem med innsigelse i plansaker der jordbruksareal, sjølv små areal, vert avsett til andre arealføremål. Inn sigelsen vert som regel ikkje trekt før jordbruksarealet er teke ut av planen.

Kommunane har tatt inn juridisk bindande bestemmingar i kommuneplanen som styrkjer jordbruksarealet. Døme på dette er bygge- og delegrenser til jordbruksareal for å unngå og å redusera konflikt mellom drift av jordene og andre aktivitetar/føremål. Konflikten kan vera knytta til både drift av jorda (støv, støy, lukt), og det kan vera ulemper bustader/hytter påfører jordbruksdrifta som trakk og forsøpling.


Kommunane kan ta inn i bestemmingane til arealdelen av kommuneplanen at jordlova framleis skal gjelda fram til eit område er ferdig regulert. Det har det ikkje vore praksis for til no. Det kan vera at kommunen bør vurderer å ta dette inn i bestemmingane for områder som vert avsett til andre føremål enn landbruk, når heile eller deler av ein landbrukseiendom inngår i arealføremålet. Ei slik bestemming kan ivareta jorda i ein reguleringsprosess.

#### 4.0. Kvifor jordvern

Tradisjonelt har jordvern handla om å verna jordbruket sitt produksjonsareal, fordi jord- og husdyrproduksjon er arealkrevjande, og for å sikra framtidige generasjonar retten til å dyrka mat på eiga jord.

Jordbruksarealet i Norge utgjer 3 % av det totale landarealet. Noreg har relativt lite jordbruksareal samanlikna med andre land. I Finland og Sverige utgjer jordbruksarealet 7 og 8 % og for Danmark 62 %.

##### Jordbruksareal i prosent av landareal



Kilde: Verdensbanken

I den nasjonale jordvernstrategien frå 2021 har omgrepet jordvern fått ei utvida tyding. Jordvern handlar òg om å ta vare på jordsmonnet med grunnlag i dei verdiane jorda har for natur og samfunn for å:

- dyrka eigen mat - mattryggleik
- oppretthalda naturmangfold
- dempa flom
- binda karbon
- skapa verdiar, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn

#### 4.1. Dyrka eigen mat – mattryggleik - beredskap

Befolkninga i verden aukar, og for å sikra framtidig matforsyning må jordbruksarealet sikrast, då det er grunnlaget for all matproduksjon. For å tryggja matforsyninga må ein produsera så mykje som mogeleg av maten som ein treng sjølve. Jordbruksarealet vårt er trua – både av nedbygging og av gjengroing.

Konsekvensen av å byggja ned areal vil, i tillegg til at areal går tapt, òg vera avhengig av kva type areal som går ut av produksjon. Då tenkjer ein både på sjølve definisjonen/klassifisering av arealet (fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite), og på kvar i landet arealet ligg (landet er delt inn i 8 ulike klimasoner totalt). Klimasonene 1 (sør og i lavlandet) er godt eigna til matkorn dyrking og klimasonene 8 (nord og høgt til fjells) er berre eigna for grasproduksjon med ei hausting. Ulike delar av landet får kvart år ulike utfordringar, til dømes tørke i sør og godt år i nord - og omvendt. Derfor er det viktig å ta vare på jordbruksareal i alle delar av landet.

Skal ein nå målet om 50 % sjølvberging, må alt arealet takast i bruk.

Jordbruksareal som er ute av drift er ikkje ute av funksjon så lengje det enkelt kan takast i bruk igjen.

#### **4.2. Oppretthalda naturmangfald**

Sjølve jordsmonnet inneheld eit mylder av organismar som er ein føresetnad for den biologiske primærproduksjonen. Det handlar om å ta vare på biodiversitet, økosystemtenester, naturmangfald, landskap og kulturminne. Jordbrukslandskapet er viktig for mange artar, og ei utbygging/nedbygging vil fortregja desse.

#### **4.3 Dempa flom**

Jordbruksareal med god struktur og infiltrasjonskapasitet (god drenering) er viktig med tanke på flomdemping, då det - til forskjell frå tette flater - kan ta i mot mykje meir nedbør og overflatevatn.

#### **4.4. Binda karbon**

Jordbruksareal bind karbon. Nedbygging frigjer karbon og har dermed ein direkte negativ effekt på klima. I tillegg til dette vert arealet si evne til å binda karbon borte.

Dersom nedbygd areal vert erstatt med nydyrking av skog eller myr (myr vart det forbod mot i 2020) vil det òg ha ein indirekte negativ effekt då nydyrking i seg sjølv gjev utslepp.

I tillegg til at nydyrkinga i seg sjølv fører til utslepp er areal som eignar seg for nydyrking òg ein knapp ressurs. Mykje av det arealet som kan dyrkast opp, ligg i klimasoner som ikkje er eigna for matkornproduksjon, slik at potensiale for produksjon er mindre på nytt areal enn på det som vert tatt ut av produksjon. Det er altså ikkje balanse mellom det me har, og det me kan få, med tanke på produksjonspotensiale.

#### **4.5. Skapa verdiar, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn**

Dyrka og dyrkbar jord er produksjonsgrunnlaget for jord- og husdyrproduksjon, og har gjennom mange tusen år forma kulturlandskapet som me lever og bur i.

Når areal vert omdisponert, vert produksjonsgrunnlaget redusert, og grunnlag for drift for enkeltbrukarar vert redusert. Redusert norsk landbruksproduksjon kan trua både

primærproduksjon (matforsyninga), busetting i distrikta, samt at det fører til redusert verdiskaping og arbeidsplassar i matindustrien.

## 5.0. FAKTA OM JORD- OG HUSDYRBRUKET I GJERSTAD

### 5.1. Lokale mål og føringar

Gjerstad har ikkje eigen landbruksplan, men har innarbeida omtale av næringa i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kommunestyret i Gjerstad vedtok i november 2024 ny samfunnsdel av kommuneplanen og i januar 2025 ny arealdel. Kommunen sitt hovudmål når det gjeld landbruk er «Gjerstad skal sammen med landbruksnæringa og rådgivingstjenester, legge til rette for aktivt og fremtidsrettet landbruk.» Fleire tiltak er knytt til jordvern, anten direkte eller indirekte. Til dømes skal produksjonsgrunnlaget takast vare på, ein skal hindra at jordbruksareal vert omdisponert til andre føremål, og ein skal fokusera på driveplikt for å hindra attgroing. Tiltak knytta til bruksstruktur vil òg verka inn på korleis jordbruksarealet vert tatt vare på.

Gjennom kommuneplanen sin arealdel er det bestemningar om bygge- og delegrenser til jordbruksareal for å unngå konflikt mellom aktiv drifta av jordbruksareal og tilgrensande aktivitetar (bustader/hytter). Det er òg bestemningar om plassering av landbruksbygg for å ivareta dyrka jord, samt at det i plankartet avsett område med omsyn sone landbruk. Det er likevel viktig å påpeika at tiltak i LNF-området skal vera i samsvar med dette arealforemålet, og at jordbruksareal utanom omsynssone landbruk òg skal takast vare på.

I samband med rullering av kommuneplanen er det utført planvask, der heile eller deler av utbyggingsområde er ført tilbake til LNF-føremål.

### 5.2. Informasjon om areal og produksjon i Gjerstad (henta frå NIBIO sitt arealbarometer)

Oversikt over kommunen sitt totale areal fordelt på bonitet:

Arealtype	Dekar	%
<b>Jordbruksareal</b>		
Fulldyrka	4 634	1,4
Overflatedyrka	186	0,1
Innmarksbeite	1 018	0,3
<b>Skog</b>		
Produktiv skog	227 740	70,7
Uproduktiv skog	43 069	13,4
Bebyggelse/samferdsel	4 564	1,4
<b>Annet markslag</b>		
Åpen fastmark	9 114	2,8
Myr, åpen eller med skog	15 641	4,9
Ferskvann	16 174	5
Ikke kartlagt	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>322 140</b>	<b>100</b>

Kilde: ArealressurskartARS, 6. utgåve 2023, NIBIO

Det er totalt  $4\,634 + 185 = \mathbf{4\,819}$  daa jordbruksareal som kan haustast maskinelt.

Bakgrunnen for opplysningane om kor mykje som er i aktiv drift, er henta frå søknadsrunden for produksjons- og avløyartilskot i jordbruket. Det kan veldig gjerne vera at enkelte grunneigarar i tillegg driv jorda si sjølv på hobbybasis, men det har ein ikkje oversikt over. Det må i så fall kartleggjast nærare.

Korleis jordbruksarealet vert nytta, går òg fram av søknad om produksjonstilskot. Som det går fram av oppsettet nedanfor, går areal i bruk ned frå 2023 til 2024. Opplysningane for 2025 er enno ikkje klare.

Veksttype	Dekar	%
Innmarksbeite	644	13,3
Grovfôr	3 619	74,6
Korn	590	12,2
Potet	0,0	0,0
Grønnsaker	1	0,0
Frukt og bær	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>4 854</b>	<b>100</b>

*Kilde: Produksjonstilskudd 2023, Landbruksdirektoratet*

Veksttype	Dekar	%
Innmarksbeite	569	13
Grovfôr	3 214	73,6
Korn	584	13,4
Potet	0,0	0,0
Grønnsaker	1	0,0
Frukt og bær	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>4 368</b>	<b>100</b>

*Kilde: Produksjonstilskudd 2024, Landbruksdirektoratet*

### 5.3. Oversikt over aktive landbruksforetak i kommunen

Husdyr	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	5	83
Ammekyr	7	133
Vinterfôra sauer	3	225
Geiter	2	12
Avlspurker	0,0	0,0
Slaktegris	0,0	0,0
Verpehøner	0,0	0,0
Slaktekylling	0,0	0,0

*Kilde: Produksjonstilskudd 2023, Landbruksdirektoratet*

Husdyr	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	5	64
Ammekyr	5	83
Vinterfôra sauer	3	245
Geiter	3	19
Avlspurker	0,0	0,0
Slaktegris	1	3
Verpehøner	1	50
Slaktekylling	0,0	0,0

*Kilde: Produksjonstilskudd 2024, Landbruksdirektoratet*

Føretaka med geit, slaktegris og verpehøner har svært få dyr. Fleire foretak har fleire produksjonar – til dømes både sau og kjøttfe

Det er reduksjon i kor mange føretak som er i drift frå 2023 til 2024, og ein veit at framover vert det ytterlegare reduksjon i tal foretak. Innan 2034 er det krav om lausdrift for alle mjølkebruk noko som krev svært store investeringar.

Dei aktive føretaka i Gjerstad er geografisk plassert slik:

Stad	Tal foretak	Produksjon
Eikeland	2	Mjølkk og kjøttfe
Fiane/Haugen	0	
Brokeland	0	
Sunde	1	Mjølkk og noko grønsaker
Holte	0	
Fone	0	
Hauketo/Byholt	0	
Moe	1	Hest
Ulltveit	1	Gras/korn, deltakar samdrift
Kyrkjebygda	1	Mjølkk og kjøttfe
Kvem	0	
Apland	1	Mjølkk
Ausland	1	Sau
Eskeland	1	Sau
Vevstad	1	Sau og kjøttfe
Mostad/Lunde	0	
Røed/Brekka	0	
Trydal	1	Gras/korn, deltakar i samdrift
Aasbø/Løite	2	Mjølkk, geit/høner
Vestøl	1	kjøttfe
	13	Samdrifta er ein produsent


#### 5.4. Jordleige

Ser ein tal foretak opp mot kor mykje jord som er i drift, ser ein at kvart foretak som har storfe, småfe og korn, i 2024 friv i snitt 336 daa. Det betyr at det er mykje leigejord i bruk, for ingen av våre landbrukseigedomar har så mykje jordbruksareal.

Leigejordprosenten i Gjerstad kjem fram av figuren nedanfor.

2024

Ar ● Eid ● Leid



Det er altså berre 20 % av jorda som er i drift som bonden eig sjølv, resten er leigejord.

Agder er det fylket i Norge med mest leigejord, med ein leigejord prosent på 40. Gjerstad ligg altså på det doble.

Leigejord prosenten seier noko om kor stor del av vårt jordbruksareal som vert drive av andre enn eigaren.


Dette vert òg tydeleg når me ser på tabellen under, som syner kor mange landbrukseigedomar me har i kommunen, og kor mange av desse som er busette.

region	Bebygde landbrukseiendom mer	Landbrukseiendom mer i alt	Personer i alt bosatt på landbrukseiendommer med boligbygg
4211 Gjerstad	296	339	567
<b>Totalt</b>	<b>296</b>	<b>339</b>	<b>567</b>

Ut frå oversikten ser ein at det er totalt 296 eigedomar med våningshus. Trekk ein frå dei 14 landbruksføretaka som bur på og driv eigen eigedom, står ein igjen med 282 landbrukseigedomar i Gjerstad der eigaren ikkje sjølv er ansvarleg for drift av jorda.

## 5.5. Verdiskaping

Figur og oppsett nedanfor syner verdiskapinga i jordbruket. Det er ikkje tatt med foredlingsdelen.



Melk, ku	3,70
Melk, geit	0,00
Ammeku	4,28
Sau	0,59
Svin	0,01
Egg og fjørfe	
Eggproduksjon	0,00
Fjørfekjøtt	0,00
Planteproduksjon	
Frukt og bær	0,00
Kornproduksjon	0,39
Poteter og grønnsaker	0,01
Annet	
Veksthus	0,00
Pelsdyr	0,00
Birøkt	1,41
<b>Sum</b>	<b>10,40</b>

*Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2022*

Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr	10,4
Årsverk à 1845 timer, jordbruk	18,93

*Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2022*

Legg merke til at kvart årsverk i landbruket har 100 timar meir pr årsverk enn i andre næringar

## 6. FAKTA OM JORD- OG HUSDYRBRUKET I RISØR

### 6.1. Lokale mål og føringar

Kommunestyret i Risør vedtok ny samfunnsdel av kommuneplanen i april 2024. Risør kommune vil «*ta ansvar i klima- og naturkrisen verden står overfor*» mellom anna med å «*tilrettelegge for at det produseres mat på en effektiv og berekraftig måte*» Videre vil kommunen at «*Risør og regionen har et variert og fremtidsrettet næringsliv*» som for landbruket innebærer at kommunen «*Bidrar til en formålstjenlig bruksstruktur for framtidig og bærekraftige landbruksproduksjon*».

Arealdelen med bestemningar er under revidering, men i eksisterande plan er det, som i Gjerstad, bestemningar om bygge- og delegrense til jordbruksareal, om plasseringa av landbruksbygg og omsyn sone landbruk. Det er ikkje noko som talar for at desse reglane skal endrast.

### 6.2. Informasjon om areal og produksjon i Risør (henta frå NIBIO sitt arealbarometer)

Oversikt over kommunen sitt totale areal fordelt på bonitet:

Arealtype	Dekar	%
<b>Jordbruksareal</b>		
Fulldyrka	4 244	2,2
Overflatedyrka	148	0,1
Innmarksbeite	286	0,1
<b>Skog</b>		
Produktiv skog	127 064	65,9
Uproduktiv skog	27 821	14,4
Bebyggelse/samferdsel	7 844	4,1
<b>Annet markslag</b>		
Åpen fastmark	7 308	3,8
Myr, åpen eller med skog	3 065	1,6
Ferskvann	15 072	7,8
Ikke kartlagt	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>192 852</b>	<b>100</b>

Kilde: ArealressurskartARS, årsversjon 2023, NIBIO

Det er totalt  $4\,244 + 148 = 4\,392$  daa jordbruksareal som kan haustast maskinelt.

Bakgrunnen for opplysningane om kor mykje som er i aktiv drift er henta frå søknadsrunden for produksjons- og avløysartilskot i jordbruket. Det kan veldig gjerne vera at enkelte grunneigarar i tillegg driv jorda si sjølv på hobbybasis, men det har ein ikkje oversikt over. Det må i så fall kartleggjast nærare.

Korleis jordbruksarealet vert nytta går òg fram av søknad om produksjonstilskot. Som det går fram av oppsettet nedanfor går areal i bruk ned frå 2023 til 2024. Opplysningane for 2025 er enno ikkje klare.

Veksttype	Dekar	%
Innmarksbeite	133	5,8
Grovfôr	2 163	94,2
Korn	0,0	0,0
Potet	0,0	0,0
Grønnsaker	0,0	0,0
Frukt og bær	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>2 296</b>	<b>100</b>

*Kilde: Produksjonstilskudd 2023, Landbruksdirektoratet*

Veksttype	Dekar	%
Innmarksbeite	150	6,5
Grovfôr	2 153	93,5
Korn	0,0	0,0
Potet	0,0	0,0
Grønnsaker	0,0	0,0
Frukt og bær	0,0	0,0
<b>Sum</b>	<b>2 303</b>	<b>100</b>

*Kilde: Produksjonstilskudd 2024, Landbruksdirektoratet*

I 2023 var det 2 163 daa i bruk av det maskinelt haustbare arealet på 4 392 daa. Det betyr at av det totale fulldyrka og overflatedyrka arealet er det 2 229 daa som ikkje er i bruk.

I 2024 var det totalt  $3\,214 + 584 = 2\,153$  daa i bruk av det maskinelt haustbare arealet på 4 392 daa. Det betyr at av det totale fulldyrka og overflatedyrka arealet er det 2 239 daa som ikkje er i bruk.

Det er altså ein negativ tendens – meir areal går ut av bruk. For kategorien innmarksbeite er det ei lita positiv.

### 6.3. Oversikt over aktive landbruksforetak i kommunen

Husdyr	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	4	65
Ammekyr	1	24
Vinterfôra sauer	3	268
Geiter	0,0	0,0
Avlspurker	0,0	0,0
Slaktegris	1	27
Verpehøner	0,0	0,0
Slaktekylling	0,0	0,0

*Kilde: Produksjonstilskudd 2023, Landbruksdirektoratet*

Husdyr	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	3	47
Ammekyr	1	24
Vinterfôra sauer	4	278
Geiter	0,0	0,0
Avlspurker	0,0	0,0
Slaktegris	1	6
Verpehøner	1	90
Slaktekylling	0,0	0,0

*Kilde: Produksjonstilskudd 2024, Landbruksdirektoratet*

Føretaka med slaktegris og verpehøner har svært få dyr. Det er eit foretak som driv med hest (ridehest) som ikkje kjem opp på lista då det ikkje er produksjonstilskot til dyret hest berre til fôrgrunnlaget (arealet ein treng for å produsera mat til dyret).

Framover veit ein at det vert ytterlegare reduksjon i tal foretak slik det ser ut no. Innan 2034 er det krav om lausdrift for alle mjølkebruk.

Dei aktive føretaka i Risør er geografisk plassert slik:

Stad	Tal foretak	Produksjon
Gloppe	1	Mjølkk
Nipe	1	Mjølkk
Åkvåg/Fie	0	
Dyvik (på innsida av Trollbergvika)	1	Sau – ny i 2025
Hope - Sandnes	0	
Myra - Grimslund	0	
Torskeberg	0	
Barmen	0	
Lindstøl	0	
Sandvika - Garthe	0	
Bossvik	0	
Nautnes	1	Hest
Hjembu	1	Sau, gris, kjøttfe
Dørsdal - Ausland	0	
Moen - Akland	0	
Gamle Songevei	0	
Øylandsdalen	0	
Torbjørnsdal - Rønningen	1	mjølkk
Moland	0	
Vormli	0	
Søndeled	1 (+1)	sau
Frøyna	0	
Stamsø	0	
Sevik	0	
Kjødvik	1	Gras for salg
Sørbø	0	
Husås		
Hødnebø - Røysland	3	Sau, hest og gras for sal (1 ny i 2025)
Robersvik	1	sau
Limkjerr – Omdal – Nistevåg – Bredal	0	
Gjernes – Rygjar	0	
	10 foretak i 2024	12 foretak i 2025


Grender der det ikkje er landbruksforetak er tatt med for å visa avstanden mellom dei som er aktive og kjøreavstanden deira til leigejorda.

#### 6.4. Jordleige

Ser ein tal foretak i 2024, 10 foretak som hadde dyr eller fôrproduksjon, opp mot kor mykje jord som er i drift ( 2 303 daa) ser ein at kvart foretak driv 230 daa. Det betyr at det er mykje leigejord i bruk for ingen av våre landbrukseigedomar har så mykje jordbruksareal.

. Leigejordprosenten i Risør kjem fram av figuren nedanfor.

Bedrifter med kun egen jord og Bedrifter med jordleige



Figuren er henta frå Statsforvaltaren i Agder sine nettsider om jordbruksstatistikk

Det er altså berre 28 % av jorda som er i drift som bonden eig sjølv resten er leigejord. Det er viktig å merka seg her at denne prosentten er knytta halvparten av arealet i kommunen – det er berre halvparten som er i drift, jmf. tabellane ovanfor.

Agder er det fylket i Norge med mest leigejord med ein leigejord prosent på 40, Risør har altså nær det det doble.

Leigejord prosentten seier noko om kor stor del av vårt jordbruksareal som vert drive av andre enn eigaren


Dette vert òg tydeleg når me ser på tabellen under som syner kor mange landbrukseigedomar det er i kommunen og kor mange som er busette på slike eigedomar.

region	Bebygde landbrukseiendom mer	Landbrukseiendom mer i alt	Personer i alt bosatt på landbrukseiendommer med boligbygg
4201 Risør	325	369	511
<b>Totalt</b>	<b>325</b>	<b>369</b>	<b>511</b>

Ut frå oversikten ser ein at det er totalt 325 eigedomar med våningshus. Trekk ein frå dei 10 landbruksføretaka, som bur på og driv eigen eigedom, er det 315 landbrukseigedomar i Risør der eigaren ikkje sjølv er ansvarleg for drift av jorda.

## 6.5. Verdiskaping

Figur og oppsett nedanfor syner verdiskapinga i jordbruket. Det er ikkje tatt med foredlingsdelen.



### Verdiskaping per produksjon mill. kroner

Melk, ku	2,96
Melk, geit	0,00
Ammeku	0,57
Sau	0,77
Svin	0,20
Egg og fjørfe	
Eggproduksjon	0,00
Fjørfekjøtt	0,00
Planteproduksjon	
Frukt og bær	0,00
Kornproduksjon	0,00
Poteter og grønnsaker	0,00
Annet	
Veksthus	0,00
Pelsdyr	0,00
Birokt	0,93
<b>Sum</b>	<b>5,42</b>

Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2022

### Verdiskaping som bruttoprodukt og sysselsetting

Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr	5,42
Årsverk à 1845 timer, jordbruk	10,63

Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2022